



Delårsrapport for 2. kvartal 2024



Kvartalsrapport for 2K 2024

Rekneskapsprinsipp

Valle Sparebank nyttar IFRS 9 som rekneskapsstandard. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.06.24 er forvaltningskapitalen på 2.318 mill. kroner. Dette er ein auke på 76,8 mill. kroner, eller 3,43 % samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.06.24 på 1.898,3 mill. kroner, som er ein vekst på 73,8 mill. kroner, eller 4,04 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Brutto utlån er auka med 39,7 mill. kroner sidan 31.12.23. Banken har ved utgangen av 1. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 805,4 mill. kroner, ein auke på 27,8 mill. kroner siste 12 mnd. Sidan nyttår er det ein auke på 22,6 mill. kroner. Overføringsgraden til EBK utgjør 31,4 % av samla utlån til personmarknaden.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.06.24 på 1.794,2 mill. kroner, som er ein auke på 14 mill. kroner, eller 0,79 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 94,52 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 97,57 %. Det har vore ein reduksjon i innskot på 3,2 mill. kroner sidan 31.12.23.

Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 30.06.24 er på 28,8 mill. kroner, som er 4,6 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjør 2,52 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,21 % på same tidspunkt i fjor. Andre driftsinntekter er på 7,9 mill. kroner, som er ein nedgang på 0,6 mill. kroner samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Driftskostnader utgjør 17,8 mill. kroner, som er ein auke på 0,13 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er 8,7 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 8 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 19,1 mill. kroner, mot eit overskot på 15,5 mill. kroner på same tid i fjor. Resultat av ordinær drift etter skatt viser eit overskot på 14,8 mill. kroner mot 12,3 mill. kroner på same tid i fjor. Etter ei negativ verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 3,05 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 11,7 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet eit overskot på 11 mill. kroner på same tid i fjor.

Kredittap

Det er inntektsført kr 167.000 i kredittap på utlån og garantiar. I fjor på same tid var det ei inntektsføring på kr 452.000.

Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 230,2 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal 2024. Dette gjev ei kapitaldekning på 22,15 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 22,47 %.

Utsikter for resten av året

Det auka rentenivået bidreg til eit godt kvartalsresultat for banken. Rentemarginen har auka i høve til på same tid i fjor. Noregs Bank valde på rentemøtet i juni å halde renta uendra på 4,50%. Noregs Bank har signalisert at eit kutt i styringsrenta vil kome seinare enn tidlegare anslått. Forklaringa på å halde rentenivået på dagens nivå lengre, er på grunn av lønsvekst, rentene ute og låg kronekurs. Det er framleis høgt kostnadsnivå, noko som svekker gjeldsbetjeningsevna til kundane. Det er framleis viktig for banken å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen.

Resultat av underliggende drift er så langt i tråd med styrets forventningar.

Valle, 14.august 2024

I styret for Valle Sparebank

(signert med BankID)

Anne Gjerden
(styreleiar)

Knut Inge Hovet
(nestleiar)

Elisabeth B. Spockeli

Kent M. Lund

Tor Arild Rysstad
(tilsettere representant)

Elisabeth Slettedal
(adm.banksjef)



Resultat og balanseoppstilling

Resultat		2. kvartal isolert		2. kvartal	2. kvartal	Året
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.2024	30.06.2023	30.06.2024	30.06.2023	2023
Renteinntekter fra egedelar vurdert til amortisert kost		28.251	21.530	56.160	41.795	93.779
Renteinntekter fra øvrige egedelar		2.623	1.819	6.761	3.777	9.478
Rentekostnader og liknande kostnader		17.137	11.231	34.145	21.414	51.194
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		13.737	12.118	28.776	24.158	52.063
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.283	3.297	6.654	6.076	11.637
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester		483	369	876	792	1.452
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		1.824	2.773	1.824	2.773	2.825
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 6	824	221	246	406	1.045
Andre driftsinntekter		45	37	90	80	169
Netto andre driftsinntekter		5.493	5.959	7.938	8.543	14.225
Løn og andre personalkostnader		4.747	4.053	8.741	7.976	16.441
Andre driftskostnader		4.212	5.169	8.541	9.685	18.762
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egedelar		255	260	511	1	566
Sum driftskostnader		9.214	9.482	17.793	17.662	35.769
Resultat før tap		10.016	8.595	18.921	15.039	30.519
Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 3	-394	-336	-167	-452	19
Resultat før skatt		10.410	8.931	19.088	15.491	30.500
Skattekostnad		2.166	1.610	4.320	3.180	7.046
Resultat av ordinær drift etter skatt		8.244	7.321	14.768	12.311	23.454
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 6	-819	478	-3.047	-1.260	3.785
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet				-3.047	-1.260	3.785
Totalresultat				11.721	11.051	27.239

Balanse - Egedelar						
<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.2024	30.06.2023	31.12.2023		
Kontantar og kontantekvivalenter		24.107	24.515	23.448		
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		54.115	55.876	88.997		
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 2,3,4	1.892.900	1.819.508	1.853.150		
Renteberande verdipapir	Note 6	200.668	199.011	197.540		
Aksjar, andelar og andre egenkapitalinstrument	Note 6	127.630	121.576	128.342		
Varige driftsmidler		13.079	14.155	13.590		
Andre egedelar		5.507	6.538	3.678		
Sum egedelar		2.318.006	2.241.179	2.308.745		

Balanse - Gjeld og egenkapital						
<i>Tal i tusen kroner</i>		30.06.2024	30.06.2023	31.12.2023		
Innlån frå kredittinstitusjonar		140.820	106.288	140.952		
Innskott frå kundar		1.794.226	1.780.250	1.797.386		
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 7	50.157	50.108	50.166		
Anna gjeld		13.934	10.030	7.002		
Skattegjeld		4.324	3.888	6.945		
Andre avsetningar		90	2.287	1.983		
Sum gjeld		2.003.551	1.952.851	2.004.434		
Opptent egenkapital		299.687	276.017	304.311		
Periodens resultat etter skatt		14.768	12.311	0		
Sum egenkapital		314.455	288.328	304.311		
Sum gjeld og egenkapital		2.318.006	2.241.179	2.308.745		

Eigenkapitaloppstilling

Tal i tusen kroner	Opptent egenkapital							Sum egenkapital
	Sparebankens fond	Utjamningsfond	Utbytte	Gåvefond	Fond for vurderingsforskjeller	Fond for urealiserte gevinster	Anna opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2023	267.966			5.874		30.470		304.310
Resultat etter skatt	14.768							14.768
Verdiendring på finansielle egedear over utvida resultat						-3.047		-3.047
Totalresultat 30.06.2024	14.768	0	0	0	0		0	11.721
Utbetaling av gåver				-1.576				-1.576
Eigenkapital 30.06.2024	282.734	0	0	4.298	0	30.470	0	314.455
Eigenkapital 31.12.2022	245.830	0	0	5.484	0	26.867		278.181
Resultat etter skatt	12.311							12.311
Verdiendring på finansielle egedear over utvida resultat						-1.260		-1.260
Totalresultat 30.06.2023	12.311	0	0	0	0	-1.260	0	11.051
Utbetaling av gåver				-904				-904
Eigenkapital 30.06.2023	258.141	0	0	4.580	0	25.607	0	288.328

Nøkkeltal

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2024	2023	2023
<i>Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>			
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (ekskl. VP)	51,36 %	59,83 %	57,31 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	16,94 %	18,17 %	16,59 %
Innskotsmargin hittil i år	1,58 %	1,72 %	1,26 %
Utlånsmargin hittil i år	1,13 %	0,85 %	0,89 %
Netto rentemargin hittil i år	2,52 %	2,21 %	2,33 %
Eigenkapitalavkastning ¹	7,80 %	8,00 %	9,35 %
<i>1 Basert på totalresultat, Eigenkapitalen er justert for hybridkapital</i>			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	7,41 %	8,38 %	8,15 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	31,42 %	31,75 %	31,56 %
Innskotsdekning	94,52 %	97,57 %	96,70 %
Innskotsvekst (12mnd)	0,79 %	3,28 %	2,34 %
Utlånsvekst (12 mnd)	4,04 %	4,67 %	3,91 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	3,90 %	6,02 %	2,78 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	2.295.245	2.207.822	2.230.463
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.079.144	2.989.268	3.012.545
Nedskrivningar på utlån og mislighold			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	-0,01 %	-0,02 %	0,00 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,28 %	0,34 %	0,29 %
<i>Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>			
Soliditet¹			
Rein kjernekapitaldekning	21,52 %	20,07 %	21,86 %
Kjernekapitaldekning	21,89 %	20,56 %	22,24 %
Kapitaldekning	22,47 %	21,08 %	22,77 %
Uvekta kjernekapitalandel	8,87 %	8,45 %	9,09 %
<i>¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper</i>			
Likviditet			
LCR	223	219	283
NSFR	141	139	143

Noter til rekneskapen

Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønnsmessige vurderingar

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen pr. 30.06.2024 er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2023.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar. Estimater og skjønnsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskriving vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Det er for tida stor uvisse om dei økonomiske forholda og utsiktene. Det medfører at bankens tapsnedskrivingar for kundar i både trinn 1, 2 og 3 må baserast på nye scenario og føresetnader. Det er tatt omsyn til om kundane også etter ei normalisering, og på lengre sikt, vil vere negativt påverka. Bankane har konkret vurdert om utlåna til kundane har indikasjon på auka kredittrisiko eller om utlåna har vorte kredittforringa med utgangspunkt i at det vil vere bransjar og kundesegment som må forventast å verte ramma ekstra hardt. Vurderingane er gjennomført på både individuelt nivå (større engasjement og utsette engasjement) og gruppenivå og ved bruk av skjønn.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbunde med usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittrisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekket objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3. Det er eit fåtal av bankens bedriftskundar som har mottatt vesentlege midlar frå støtteordningar, og tapsutrekninga er med dette i mindre grad påverka av slike støtteordningar.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarande instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjønn, blant anna ved vurdering av kredittrisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

IFRS 16 – Leigekontraktar

Standarden IFRS 16 gjeld alle leigeavtalar og trådte i kraft 1.januar 2019. I forbindelse med overgangen til IFRS frå 1. januar 2020 kunne dei unoterte bankane unnlåte å bruke IFRS 16 for rekneskapsåret 2020 i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittforetak og finansieringsforetak. Banken implementerte difor IFRS 16 frå 1.januar 2021. Ved implementeringa av IFRS 16 vert leigeforpliktinga målt til noverdien av framtidige leigebetalningar og bruksrettseigedelen vert sett lik leigeforpliktinga.

For leigeavtalar som vert iverksett etter implementeringa 1.januar 2021 vil bruksrettseigedelen bli målt til kostpris. I etterfylgjande periodar vil leigeforpliktinga aukast for å spegle renta medan utførte leigebetalningar reduserer balanseført verdi av leigeforpliktinga. Rentene vert

ført som rentekostnader i resultatrekneskapen og bruksrettseigedelen vert avskriva over leigeperioden. Banken har leige av lokal i Kristiansand som vart balanseført ved innføring av IFRS 16 1.januar 2021.

Banken har vurdert å nytte følgjande prinsippval i standarden:

- Unntak for leigeavtalar med låg verdi og unntak for leigeavtalar med kort tidshorisont (kortsiktige leigeavtalar under 12 månadar). Leigebetalingane vert då rekna som ein kostnad lineært over leigeperioden.
- Unntak for endring av samanliknbare tal ved overgang til IFRS 16.

Bruksrettseigedelen er presentert saman med andre driftsmidlar/anleggsmidlar i balanseoppstillinga. Leigeforpliktinga er presentert på linja for anna gjeld. Implementering av IFRS 16 har ikkje hatt nokon innverknad på bankens eigenkapital per 1 januar 2021.

Bruksretten er tildelt risikovekt på 100 prosent, og verknaden på rein kjernekapital var uvesentleg ved implementering.

Note 2 – Kredittforringa engasjement

NOTE 5 - Kredittforringa engasjement

Misleghald over 90 dagar	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2024	2023	2023
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	5.260	11.197	2.478
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	6	0	0
Nedskrivingar i steg 3	-378	-601	-354
Netto misleghaldne engasjement	4.888	10.596	2.124

Andre kredittforringa	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2024	2023	2023
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	1.806	1.852	2.028
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	3.138	1.376	5.304
Nedskrivingar i steg 3	-2.409	-2.276	-2.731
Netto andre kredittforringa engasjement	2.535	952	4.601

Note 3 – Fordeling utlån kunders**Utlån til kunder fordelt på sektor og næring**

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2024	2023	2023
Primærnæringer	14.524	16.656	15.639
Industri og bergverk	8.340	7.484	5.742
Kraftforsyning	2.055	0	2.115
Bygg og anleggsverksemd	51.128	38.342	41.962
Varehandel	12.292	11.116	13.010
Transport	0	0	0
Overnattings- og serveringsvirksomd	4.570	4.053	4.787
Informasjon og kommunikasjon	0	0	0
Omsetning og drift av fast eiendom	41.266	60.247	61.608
Tenesteytende virksomd	6.398	14.973	13.221
Sum næring	140.573	152.871	158.084
Personkunder	1.757.724	1.671.626	1.700.545
Brutto utlån	1.898.297	1.824.497	1.858.629
Steg 1 nedskrivninger	-878	-1.147	-997
Steg 2 nedskrivninger	-1.748	-965	-1.400
Steg 3 nedskrivninger	-2.771	-2.877	-3.083
Netto utlån til kunder	1.892.900	1.819.508	1.853.149
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	805.391	777.597	782.812
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	2.698.291	2.597.105	2.635.961

Note 4 – Nedskrivninger og tap

Etter IFRS 9 er bankens utlån til kunder, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på innrekningstidspunktet samanlikna med sannsyn for misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utføring av nye utlån, unytta kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

30.06.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2024	854	1.126	2.240	4.220
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	211	-211	0	0
Overføringer til steg 2	-40	91	-52	0
Overføringer til steg 3	0	-25	25	0
Netto endring *)	-256	197	5	-54
Endringer som følge av nye eller auka utlån	50	64	0	113
Utlån som er frårekna i perioden	-45	-28	-1	-73
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivingar personmarknaden pr. 30.06.2024	775	1.214	2.218	4.207

30.06.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2024	1.541.735	155.958	4.507	1.702.200
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	46.693	-46.693	0	0
Overføringer til steg 2	-61.399	61.933	-534	0
Overføringer til steg 3	0	-3.225	3.225	0
Netto endring *)	-24.017	4.076	-127	-20.068
Nye utlån utbetalt	237.169	11.389	0	248.558
Utlån som er frårekna i perioden	-166.270	-6.694	-2	-172.966
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.06.2024	1.573.911	176.745	7.068	1.757.724

30.06.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2024	139	274	842	1.255
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	60	-60	0	0
Overføringer til steg 2	-41	41	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-47	393	-39	308
Endringer som følge av nye eller auka utlån	9	33	145	187
Utlån som er frårekna i perioden	-17	-146	-395	-559
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivingar bedriftsmarknaden pr. 30.06.2024	103	535	553	1.191

30.06.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2024	130.877	22.232	5.278	158.387
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	5.270	-5.270	0	0
Overføringer til steg 2	-8.861	8.861	0	0
Overføringer til steg 3	-6	0	6	0
Netto endring *)	-6.397	2.542	-142	-3.997
Nye utlån utbetalt	10.076	5.929	1.847	17.852
Utlån som er frårekna i perioden	-20.937	-6.759	-3.973	-31.668
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.06.2024	110.023	27.535	3.016	140.574

30.06.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på unytta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2024	32	58	3	93
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	8	-8	0	0
Overføringer til steg 2	-9	9	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-9	-8	13	-5
Endringar som følge av nye eller auka unytta kredittar og garantiar	2	1	0	3
Nedskrivingar på unytta kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-1	0	0	-1
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivingar pr. 30.06.2024	22	52	16	90

30.06.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2024	72.438	5.239	28	77.705
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	4.197	-4.197	0	0
Overføringer til steg 2	-6.480	6.480	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-8.954	-5.764	110	-14.608
Nye/endra unytta kredittar og garantiar	5.159	2.629	0	7.788
Engasjement som er frårekna i perioden	-3.329	-1	0	-3.330
Brutto engasjement pr. 30.06.2024	63.030	4.386	138	67.554

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.06.2024	30.06.2023	31.12.2023
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-231	-199	17
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	-4	-7	3
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	229	-559	-610
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er føreteke nedskrivingar i steg 3		416	416
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivingar i steg 3		96	312
Periodens inngang på tidlegare periodars nedskrivingar	-161	-199	-120
Tapskostnader i perioden	-167	-452	18

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering er det ikkje vesentlege skilnadar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknaden til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsmasjon.

Note 6 - Verdipapir

30.06.2024				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		200.668		200.668
Aksjar og andeler til verkeleg verdi over resultatet		32.550		32.550
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			95.080	95.080
Sum	-	233.218	95.080	328.298

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	96.705	
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	(3.047)	
Investering	2.363	
Sal	(941)	
Utgående balanse	95.080	-

Verkeleg verdimålingar og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå angir nivået på verdsettingsmetoden som er brukt for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut frå kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verdivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verdivurderinga blir vurdert opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, og teke omsyn til bankens egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

Note 7 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	30.06.2024	Bokført verdi 30.06.2023	31.12.2023	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0013005298	01.09.2023	01.09.2026	50.000	50.157		50.166	3m Nibor + 1,20 bp
NO0010831936	12.09.2018	12.09.2023	50.000	0	50.108	0	3m Nibor + 0,95 bp
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				50.157	50.108	50.166	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2023	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringar	Balanse 30.06.2024
Obligasjonsgjeld	50.166			-9	50.157
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	50.166	0	0	-9	50.157

Note 8 – Kapitaldekning

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	30.06.2024	30.06.2023	31.12.2023
Sparebankens fond	267.966	245.830	298.437
Gåvefond	4.298	4.580	5.874
Fond for urealiserte gevinstar	30.470	26.867	0
Sum Eigenkapital	302.734	277.277	304.311
Avsett for gaver	0	0	0
Frådag for forsvarleg verdsetting	-328	0	-326
Frådag i rein kjernekapital	-72.207	-68.926	-71.697
rein kjernekapital	230.199	208.351	232.288
Fondsobligasjoner	0	0	0
Frådag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	230.199	208.351	232.288
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Frådag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	0	0	0
Netto ansvarleg kapital	230.199	208.351	232.288
	30.06.2024	30.06.2023	31.12.2023
Eksponeeringskategori (vektet verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndighet	14.314	14.328	14.395
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	2.605	1.169	1.587
Føretak	11.815	39.906	13.784
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	788.464	687.255	752.158
Forfalte engasjement	8.211	9.990	7.823
Høgrisiko engasjement	0	6.358	6.477
Obligasjonar med førertrinnsrett	16.732	8.212	8.142
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	9.748	10.339	16.957
Andelar verdipapirfond	6.598	6.669	6.400
Eigenkapitalposisjoner	30.261	26.431	30.308
Øvrige engasjement	48.460	94.683	32.538
CVA-tillegg	0	0	0
Sum utrekningsgrunnlag for kredittisiko	937.208	905.340	890.569
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	102.161	88.152	102.161
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	1.039.369	993.492	992.730
Kapitaldekning i %	22,15 %	20,97 %	23,40 %
Kjernekapitaldekning	22,15 %	20,97 %	23,40 %
Rein kjernekapitaldekning i %	22,15 %	20,97 %	23,40 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Banken rapporterer kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har ein eigarandel på 0,51 % i Eika Gruppen AS og på 0,81 % i Eika Boligkreditt AS.

I henhold til ny avtale om kjøp av OMF mellom banken og Eika Boligkreditt AS, har banken påtatt seg ein likviditetsforpliktelse overfor Eika Boligkreditt AS. Per 30. juni 2024 er denne forpliktelsen på inntil 171 MNOK.

I morbankens kapitaldekning har bankens netto likviditetsforpliktelse 50 % konverteringsfaktor som igjen vektast som OMF med 10 % risikovekt. I morbankens berekningsgrunnlag for kapitaldekning inngår dermed forpliktelsen med 8,6 MNOK.

	30.06.2024	30.06.2023	31.12.2023
Rein kjernekapital	294.513	266.070	291.234
Kjernekapital	299.603	272.529	296.402
Ansvarleg kapital	307.489	279.432	303.362
Utrekningsgrunnlag	1.368.367	1.325.460	1.332.551
Kapitaldekning i %	22,47 %	21,08 %	22,77 %
Kjernekapitaldekning	21,89 %	20,56 %	22,24 %
Rein kjernekapitaldekning i %	21,52 %	20,07 %	21,86 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	8,87 %	8,45 %	9,09 %